



Pressemelding 3. november 2020

Stenger Barnas barnehage Kløvheim

Ein person knytt til Barnas barnehage Kløvheim har testa positivt for koronavirus.

– Tilsette og barn i Barnas barnehage Kløvheim er nærkontaktar og skal i karantene fram til måndag 9. november. Ein person knytt til barnehagen har testa positivt for koronavirus, og begge avdelingane våre skal difor i karantene, seier styrar Synne Ones.

Barnas barnehage Kløvheim er ein privateigd barnehage i Alver med 21 barn og fem tilsette. Barnehagen har tatt direkte kontakt med alle føresette. Dei har i tillegg sendt eit eige informasjonsskriv til alle.

– Smittevegen er kjent, og er ikkje knytta til smitta på Seim. No arbeider koronasenteret med smittesporing, og tar kontakt med nærkontaktane som skal testast, fortel Terese Folgerø, kommuneoverlege i Alver kommune.

Nye retningslinjer frå Folkehelseinstituttet gjer at vi no som hovudregel berre testar vaksne og barn frå ungdomsskulealder. Det betyr at dei fleste barn som er nærkontaktar ved Barnas barnehage Kløvheim ikkje blir testa, om dei ikkje har symptom.

Alver kommune har tett dialog med barnehagen på Kløvheim.